



OS KOMMUNE

tlf.: 56575000

faks: 56575001

## EIGEDOMSOPPLYSNINGAR TIL MEKLAR

OS KOMMUNE  
TEKNISK ETAT

### REGULERINGSFØRESEGNER FOR SKORVANE

Desse reguleringsføresegnene gjeld for området vist med reguleringsgrense på plankart datert 02.11.89.

Området er regulert til følgjande føremål:

- |  |  |
|--|--|
| Byggeområde<br>Pbl. § 25.1               | - bustader, garasjer, off.bygg                               |
| Landbruksområde<br>Pbl. § 25.2           | - jordbruk, buffersone                                       |
| Offentlege trafikkområde,<br>Pbl. § 25.3 | - køyrevegar, gangvegar, P- plassar                          |
| Offentlege friområde<br>Pbl. § 25.4      | - park/turveg/leikeområde, idrettsbane                       |
| Fellesområde<br>Pbl. § 25.7              | - felles leikeområde, felles tilkomstvegar, felles p-plassar |

**EIGEDOMSOPPLYSNINGAR TIL MEKLAR**

2

**§ 1. BYGGEOMRÅDE****1.0 Generelt**

- 1.01 Maksimal utnyttingsgrad er vist på plankartet for kvart område, definert som største lovlege byggeareal rekna i prosent av tomtearealet for kvar einskild tomt.
- 1.02 På plankartet er det vist byggegrense mot fylkesveg. I tillegg gjeld byggegrense på 4 m mot nabogrense. Garasje eller uthus kan likevel plasserast utafor byggegrense mot naboeigedom, innafor rammene av byggeforskriftene.
- 1.03 For eksisterande bygningar i strid med byggegrensene mot veg gjeld byggegrensene ved oppattbygging eller nybygging.

**1.1 Bustader**

- 1.11 Før område B8 blir bygd ut skal det leggjast fram utbyggingsplan for godkjenning av Bygningsrådet. Utbyggingsplan skal vise tomtegrenser og -utnytting, m.a. plassering av bygningar, trafikkareal og leikeareal.
- 1.12 Bustader i område B1, B4, B5 og B6 skal vere frittliggjande og kan førast opp i 1 etasje. Underetasje er lovleg der terrengtilhøva ligg til rette for det, innafor rammene av byggeforskriftene. Loft kan innreiast til bustadføremål innafor rammene av byggeforskriftene.
- 1.14 I område B2 og B3 kan det førast opp rekkehus, og bustader med fleire bueiningar. I område B7 kan det førast opp ein- og tomannsbustader i tråd med det som er vist på plankartet.
- 1.14 For kvar einebustad skal det setjast av minimum 1 garasjeplass og 1 biloppstillingsplass på eigen grunn. Plassering av garasje skal vere vist på situasjonsplan som følgjer byggemelding for bustad, sjølv om garasjen ikkje skal byggast samstundes med bustaden. For rekkehus områda er garasje/P-plass vist i planen. For bustader i område B7 kan parkering/garasje leggjast til fellesareal for føremålet, under føresetnad av at total parkeringsdekning vert som for einebustad, 2 plassar for kvar eining.
- 1.15 Gjerde høgare enn 1 m skal godkjennast av Bygningsrådet.
- 1.2 Offentlege bygg.
- 1.21 På areal for grendahus kan det førast opp forsamlingslokale, idrettshall o.l.



## EIGEDOMSOPPLYSNINGAR TIL MEKLAR

**§ 2. LANDBRUKSOMRÅDE**

- 2.1 Område J er sett av til jord- og skogbruk.
- 2.2 Buffersona skal skille landbruk/ bustadareal. Tre kan plantast i sona, høgder vert å tilpassa grannelova sine reglar.

**§ 3. OFFENTLEG TRAFIKKOMRÅDE**

- 3.1 Områda er vist i planen som vegar, fortau og P-plassar.
- 3.2 I frisisiktsone skal ikkje gjerde eller planter vera høgare enn 50 cm.

**§ 4. OFFENTLEG FRIOMRÅDE**

- 4.1 Områda er sett av til park, turvegar og leikeområde med anlegg som naturleg har tilknytning til føremålet.
- 4.2 Område for idrett kan opparbeidast i høve til aktivitetar som naturleg høyrer inn under dette.

**§ 5. FELLESOMRÅDE****5.1 Felles leikeplassar**

- 5.11 Felles leikeplassar tilhøyrer tilsvarande merka bustadområde.
- 5.12 Felles leikeplassar skal vere ferdig opparbeida når bustadene blir tekne i bruk.

**5.2 Felles tilkomstvegar**

- 5.21 Felles tilkomstvegar tilhøyrer tilsvarande merka bustadområde.

**§ 6. FELLESFØRESEGNER**

- 6.1 Nødvendig frisikt skal vere opparbeida når veganlegga blir tekne i bruk.
- 6.2 I frisisiktsone er det forbod mot oppfyllingar, bygningsmessige arbeid og plantingar o.a. som er til hinder for fri sikt i høgde 0.5 m over vegplanet.
- 6.3 Etter at denne reguleringsplanen med tilhøyrande føresegner er godkjent, kan det ikkje gjerast privatrettslege avtalar som er i strid med planen og føresegnene.

Os, den 02.11.89

*Haldor Fosse*  
Haldor Fosse  
bygn.og reg.sjef

Godkjent av Os kommunestyre i møte 26.06.90, sak 47/90.

